



Kartverket Tinglysing
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1890 - 19/24586

Saksbehandlar:

Per Atle Sæle

per.atle.sale@meland.kommune.no

28.11.2019

Tinglysing arealoverføring frå gnr 16 bnr 1 til gnr 16 bnr 13 - Ny innsending

Syner til dykkar returbrev d. 08.11.2019 og telefonsamtale med Hedvig Fredriksen i dag.

I samband med oppretting av gnr 16 bnr 6 frå gnr 16 bnr 1 i 1921 står det i skylddelingsforretninga at *«Kjøperen har rett i fellesskap med selgeren å bruke gaardsveien frå Mælandsveien forbi selgerens husebygninger og vidare til det nye bruk. Dersom kjøperen ikkje kan finne tilstrækkelig veigrus på sin eigedom, har han rett til å få grus frå selgerens eigedom etter anvisning av denne. Selgeren forbeholder seg rett til kjørevei over kjøperens eigedom om den nye hovedvei blir lagt på vestsiden av Mælandsåsen. Likeledes har han rett til å transportere skog frå Åsen paa den tid av året da det ikkje gjør skade paa åker og eng. De beskrevne veier vedlikeholdes i fellesskap.»*

Meland kommune stadfestar at rettane som er skildra i skyldskiftet for gnr 16 bnr 6 ikkje omfattar arealet som skal overførast til gnr 16 bnr 13. 16/13 ligg om lag 1,5 km nord for dei beskrevne rettane.

Vidare stadfestar Meland kommune at kjøpekontrakten som er tinglyst 03.06.2019 med dokumentnummer 2019/623567-1/200 ikkje omfattar arealet som skal overførast til gnr 16 bnr 13.

Vi sender difor saka inn på nytt og vonar at arealoverføringa no kan tinglysast.

Med helsing

Per Atle Sæle
avdelingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dokument til tinglysing

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:
16_6skyldsifte